


Det siste skroget er sjøsett.

02.08.2017



Skoget er trekt ut av hallen og er klar for sjøsetjing.

**Fitjar Mekaniske Verkstad AS sjøsette i går det siste skroget i Sørfonn klassen, som vert bygd i Uskedalen. Dermed er SELSTAD fra Måløy klar for å starta si verksemd med notbøteri i hallane på Eidsvik. Skroget vart straks etter sjøsetjinga teke under slep til Fitjar for utrustning og klargjering.**

Dei 15 meter lange spesialbygde fartya for anleggs- og oppdretsnæringa er bestseljaren til Fitjar Mekaniske. Båten er utstyrt med to kranar for tunge løft, har fire lugarar og messe for mannskapet.

Sjøsetjinga gjekk etter oppsett plan. To taubåtar og ein større lekter var på plassen. Den eine slepebåten vart brukt til forhaling av MS EIDE FORRESTER mens den andre stabiliserer lekteren EIDE REX under sjølve løfteoperasjonen.

Avtalen Fitjar Mekaniske Verkstad har hatt med Eidsvik Eigedom, tok til i mars 2015. I ein tre årsperiode er det til saman bygd 10 skrog i beddinghallen i Uskedalen. Fitjar Mekaniske er likevel ikkje heilt ferdig med arbeid på Eidsvik. Dei held fram med bygging av seksjonar til eit anna nybygg, eit arbeid som vil gå ut denne månaden.

Svein Arne Eidsvik i Eidsvik Eigedom fortel til Uskedalen.no at det vert arbeidd med nye oppdrag i tillegg til det som alt er på plassen i dag.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Øystein Enæs/Kristian Bringedal



Det siste skroget i Sørfonn klassen er sjøsett og vert her gjort klar for sleping til Fitjar for utrustning og klargjering.